

Adressat

Varsel om oppstart av planarbeid i Volda kommune:

PlanID 2026001, detaljregulering for Grodåstunet på Grodås.

Med heimel i plan- og bygningslova §12-8, varslar vi oppstart av arbeidet med detaljregulering på delar av gnr./bnr. 206/10 på Grodås. Planen skal legge til rette for bygging av leilegheitsbygg.

3Dsmia ved Åse Bergset skal utarbeide planen på vegne av tiltakshavar, som er Hornindal Eigedomsutvikling AS.



Planen har fått tildelt plan-ID 2026001. Førebels planareal er vist på figuren til venstre, og er på om lag 9 200 m² når ein har inkludert ekstraareal til frisiktsoner og gangareal kring leilegheitstomta.

Forslagsstillar og Volda kommune er samde om at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing sidan arealet er vist som utbyggings-område i kommuneplanen.

Ytterlegare omtale av prosjektet og planar for tomte er omtalt i *Planinitiativ* som låg til grunn for

oppstartmøte med Volda kommune. Kopi av *Planinitiativ*, referat frå oppstartmøtet og annan relevant informasjon finn du under fana *høyringar og kunngjeringar* på Volda kommune si heimeside.

Dette brevet blir sendt til aktuelle offentlege etatar samt grunneigarar på naboeigedomar. I tillegg vil oppstart av planarbeidet bli annonsert i *Fjordingen* og på Volda kommune si heimeside.

Spørsmål eller innspel til planarbeidet kan rettast til Åse Bergset på e-post: post@3dsmia.no. **Frist for å kome med innspel til arbeidet med planen er 15. september 2026.**

Valsøybotn, 12. august 2026

Med venleg helsing,

Åse Bergset
3Dsmia